

Tilsynsrapport

sak 2015-06

Oppfølging av driftskontraktar

Saksnummer	2015-06
Publiseringsdato	18.12.2015
Tilsynslag	Bård Gjerde, tilsynsleiar Kenneth Lyngsgård, fagrevisor vegfagleg Ida Blomhoff Pedersen, fagrevisor juridisk Yngve Knausgård, observatør
Tilsynspart	Statens vegvesen, Region vest

Om rapporten

Denne rapporten er basert på tilsyn i Statens vegvesen, Region vest. Tilsynssaka omhandlar oppfølging av driftskontraktar.

Med bakgrunn i tilsynsfunna har Vegtilsynet gitt tre tilrådingar.

Tilsynspart skal innan fastsett frist kome med tilbakemelding på korleis tilrådingane vil verta handtert, saman med ein handlingsplan for gjennomføring av eventuelle tiltak.

18.12.2015

Sign.:



Bård Gjerde
tilsynsleiar

Sign.:



Trude Tronerud Andersen
direktør

Samandrag

Driftskontraktane er Statens vegvesen sin reiskap for å oppretthalda funksjonen på vegnettet. God kvalitet på drifta av vegnettet er viktig for trafikksikkerheita. Etersom sjølve driftsoppgåvene vert utført av entreprenør, er Statens vegvesen si oppfølging av driftskontraktane og kontroll med det utførte arbeidet av stor betydning. Vegtilsynet har i denne saka undersøkt korleis Statens vegvesen, Region vest følger opp driftskontraktar for å sikre at ein får levert rett kvalitet på leveransen i samsvar med kontrakt.

Målet med tilsynet har vore å undersøke om tilsynspart følger opp driftskontraktar i samsvar med krav. For å undersøke dette har Vegtilsynet sett på tre problemstillingar.

Under den fyrste problemstillinga undersøkte Vegtilsynet om byggherren si planlegging av stikkprøvekontrollar er i samsvar med krav. Tilsynet viste at den årlege planlegginga av stikkprøvekontrollverksemda i Statens vegvesen, Region vest ikkje er i samsvar med krav. Vidare er det påvist svakheiter ved bruken av ELRAPP og planlegging av stikkprøvekontrollar i vekeplanar i ELRAPP. Funna inneber etter Vegtilsynet sitt syn at det for dei undersøkte driftskontraktane er ulik praksis ved planlegging av stikkprøvekontrollar, noko som er i strid med formålet med SOPP. I tillegg kan dette gje eit feil bilete av kontrollverksemda ved rapportering, og tertial- og årsrapporteringa kan gje feil styringsinformasjon til regionen, Vegdirektoratet og andre. Det er heller ikkje dokumentert at dei plantala som er lagt inn i ELRAPP er i samsvar med krava og føringane i SOPP. Dette betyr etter Vegtilsynet si vurdering at det ikkje er mogeleg å uttale seg om den planlagde kontrollverksemda er tilstrekkeleg for å sikre at leveransen i driftskontraktane er i samsvar med bestillinga.

Vegtilsynet undersøkte òg om byggherren sine stikkprøvekontrollar vert gjennomført i samsvar med plan. Tilsynet viste at det i liten grad er samsvar mellom plantala i ELRAPP og tal gjennomførte stikkprøvekontrollar for riksveg og gang-/sykkelveg på riksveg i perioden juni til september 2015. Andelen gjennomførte stikkprøvekontrollar varierer frå 20 % til 197 % i høve til plantala, og for seks av driftskontraktane er skilnaden frå plantalet større enn +/- 20 %. Stikkprøvekontrollverksemda kan avvike frå det planlagde i løpet av året, jf. SOPP kapittel 2.2

«Byggherrens kontrollplan». Grunnar til dette kan vere til dømes endring av tilgjengelege ressursar til kontrollarbeid, eller at resultat frå gjennomførte kontrollar gir behov for å auka eller redusere omfanget av stikkprøvekontrollar. Vegtilsynet si vurdering er likevel at skilnadane mellom tal planlagde og gjennomførte stikkprøvekontrollar er så store, at det er grunn til å stille spørsmål ved om dette skuldast mangelfull planlegging eller om det er eit resultat av naturlege tilpassingar av kontrollverksemda i løpet av året. Vegtilsynet vil i denne samanheng kommentere at undersøkinga gjeld tal stikkprøvekontrollar, og at det ikkje er undersøkt om tid brukt til kontrollverksemda samsvarar med plantal for dagsverk.

Til slutt undersøkte Vegtilsynet om byggherren behandlar kontrollresultat etter stikkprøvekontrollar i samsvar med krav. Tilsynet viste at det ikkje vert gjennomført oppfølgingskontrollar i samsvar med krav. Dette vart forklart med blant anna at SOPP er uklar på dette punktet, manglande ressursar og at ein har andre metodar for oppfølging av avvik. Dette inneber at ein i liten grad har dokumentasjon i ELRAPP på at det er planlagt og gjennomført oppfølgingskontroll. Manglande gjennomføring av oppfølgingskontroll kan ha som konsekvens at avvik ikkje vert utbetra.

Rapporten inneheld fem funn, og Vegtilsynet har med bakgrunn i desse gitt tre tilrådingar.

Vegtilsynet si vurdering er at Statens vegvesen, Region vest ikkje i tilstrekkeleg grad følger opp driftskontraktane i samsvar med krav.

Innhald

1. Bakgrunn	6
2. Mål og problemstillingar	7
3. Gjennomføring og metode	9
4. Tilsynskriterium	14
5. Innhenta data	16
6. Funn	27
7. Vurderingar	32
8. Tilrådingar	34
Vedlegg 1: Relevante utdrag frå kravdokumenta	36

1. Bakgrunn

Driftskontraktane er Statens vegvesen sin reiskap for å oppretthalda funksjonen på vegnettet. God kvalitet på drifta av vegnettet er viktig for trafikksikkerheita. Etersom sjølve driftsoppgåvene vert utført av entreprenør, er Statens vegvesen si oppfølging av driftskontraktane og kontroll med det utførte arbeidet, av stor betydning. Dette vert òg vektlagt i tildelingsbrevet til Statens vegvesen for 2015 der Samferdsledepartementet skriv at: «Byggherreoppfølging for bedre å kunne kontrollere riktig kvalitet på drifts- og vedlikeholdsarbeid skal videreføres i 2015. Departementet understreker i denne sammenheng det kontrollansvaret som Statens vegvesen har med oppfølgingen av driftskontraktene.»

Vegtilsynet har i to tidlegare tilsynssaker¹ påpeika at Statens vegvesen har eit forbettringspotensial når det gjeld kontraktsoppfølging.

Dette er bakgrunnen for at Vegtilsynet i denne saka har undersøkt korleis Statens vegvesen, Region vest følger opp driftskontraktar for å sikre at ein får levert rett kvalitet på leveransen i samsvar med kontrakt.

¹ Sak 2013-02 *Oppfølging av driftskontraktar for vinterdrift* og sak 2014-02 *Styring og oppfølging av driftskontraktar*.

2. Mål og problemstillinger

Målet med tilsynet har vore å undersøke om Statens vegvesen, Region vest følger opp driftskontraktar i samsvar med krav.

For å undersøke dette har Vegtilsynet sett på følgande problemstillingar:

Problemstilling 1

Planlegg byggherren stikkprøvekontrollar i samsvar med krav?

For å svara på problemstillinga har Vegtilsynet sett nærare på følgande:

- 1.1 Vert omfanget av stikkprøvekontrollar og kontrollruter lagt inn i ELRAPP?
- 1.2 Vert omfanget av stikkprøvekontrollar tilpassa den enkelte kontrakt?
- 1.3 Vert planlagde stikkprøvekontrollar lagt inn i ELRAPP for dei komande vekene?

Problemstilling 2

Gjennomfører byggherren stikkprøvekontrollar i samsvar med plan?

Problemstilling 3

Behandlar byggherren kontrollresultat etter stikkprøvekontrollar i samsvar med krav?

For å svare på problemstillinga har Vegtilsynet sett nærare på følgande:

- 3.1 Vert det planlagt og gjennomført oppfølgingskontroll?
- 3.2 Vert manglar utan trekk behandla i byggemøte?

Avgrensing

Tilsynet er avgrensa til planlegging og gjennomføring av stikkprøvekontrollar og behandling av kontrollresultat.

Omgrepsbruk

ELRAPP²

ELRAPP er et system for elektronisk rapportering og oppfølging av oppgaver relatert til drifts- og vedlikeholds kontrakter med funksjonsansvar (driftskontrakter) for Statens Vegvesen.

ELRAPP brukes til rapportering mellom entreprenør og byggherre. Systemet er også et verktøy for planlegging, innrapportering og oppfølging av byggherrekontroll.

MANGEL³

Det foreligger en mangel dersom kontraktsarbeidet ikke er i den stand byggherren har krav på etter kontrakten, og dette skyldes forhold entreprenøren svarer for

Ein mangel kan vere med og utan økonomisk trekk.

STIKKPRØVEKONTROLL⁴

Stikkprøvekontrollene er planlagte kontroller

PLANTAL⁵

Planlagt omfang av stikkprøvekontroll i samsvar med SOPP.

² Frå Brukerveiledning ELRAPP, versjon 2014.2.0, 17.september 2014, kapittel 3 «Hva er ELRAPP»

³ VD-rapport nr. 35 *System for oppfølging av driftskontrakter – SOPP Versjon 5* med vedlegg «Definisjoner»

⁴ VD-rapport nr. 35 *System for oppfølging av driftskontrakter – SOPP Versjon 5* med vedlegg «Definisjoner»

⁵ VD-rapport nr. 35 *System for oppfølging av driftskontrakter – SOPP Versjon 5* med vedlegg «Definisjoner»

3. Gjennomføring og metode

Tilsynssaka er gjennomført som ein revisjon.⁶ Tilsynspart er Statens vegvesen, Region vest.

I Statens vegvesen, Region vest er det 17 driftskontraktar. Vegtilsynet gjorde eit utval av desse før datainnhentinga ,og valde dei driftskontraktane der Ev 39 er ein del av vegnettet. Det gav følgande åtte driftskontraktar:

- 1101 Dalane 2012-2017
- 1103 Stavanger 2011-2016
- 1106 Haugesund 2013-2018
- 1202 Stor-Bergen 2015-2020
- 1203 Nordhordland 2013-2018
- 1207 Stord 2013-2019
- 1403 Nordfjord 2010-2018
- 1405 Indre Sunnfjord 2015-2020

Datainnhentinga er gjort for perioden 2013, 2014 og 2015.

Driftskontraktane *1202 Stor-Bergen* og *1405 Indre Sunnfjord* hadde oppstart av ny kontrakt i 2015. Det vil seie at gjeldande driftskontraktar har vore gjeldande sidan 1. september 2015. Gjeldande versjon av driftskontraktane *1106 Haugesund*, *1203 Nordhordland* og *1207 Stord* vart inngått 1. september 2013. Dette inneber at Vegtilsynet sine undersøkingar har omfatta 13 driftskontraktar på nokre punkt, ettersom undersøkinga gjeld både gjeldande og tidlegare driftskontraktar. Vegtilsynet har valgt å forenkle tabellane i kapittel 5 ved å bruke gjeldande kontraktsnamn, men har gitt utfyllande kommentarar til tabellane der det er nødvendig.

For delar av undersøkingane gjorde Vegtilsynet eit ytterlegare utval av driftskontraktane. Dette gjeld driftskontraktane *1106 Haugesund*, *1207 Stord*, *1403 Nordfjord* og *1405 Indre Sunnfjord*. Dette gjeld delar av dokumentgjennomgan-

⁶ Ein revisjon er ein systematisk, uavhengig og dokumentert prosess for å skaffe tilsynsbevis og bedømme dei objektivt for å bestemme i kva grad tilsynskriteria er oppfylt.

gen og gjennomføringa av intervju.

Vegtilsynet sendte varsel om tilsyn 7. oktober 2015. Det vart gjennomført formøte med tilsynspart 15. oktober 2015 for å informera ytterlegare om tilsynssaka, gjera naudsynte avklaringar om gjennomføringa av tilsynet og oppretta ein god dialog med tilsynspart.

I varselet og i seinare korrespondanse vart tilsynspart beden om å legge fram dokumentasjon som grunnlag for ein dokumentgjennomgang. Vegtilsynet har i tillegg hatt lesetilgang i ELRAPP for å hente ut informasjon om driftskontraktane. Etter dokumentgjennomgangen vart det gjennomført intervju med byggeleiarar og kontrollingeniør for dei fire utvalde driftskontraktane.

Vegtilsynet har fått tilgang til Statens vegvesen sitt kvalitetssystem, Statens vegvesen sitt saksbehandlingssystem (SVEIS/MIME), internt fellesområde for lagring av filer og annan dokumentasjon, og har nytta dette under førebuinga og gjennomføringa av tilsynet.

Tilsynspart har lagt alle forhold til rette for ei effektiv gjennomføring av tilsynet.

Utkast til tilsynsrapport vart lagt fram for tilsynspart 1. desember 2015, med frist for å gje tilbakemelding på faktafeil. Tilsynspart gav slik tilbakemelding innan fristen og dette er tatt omsyn til ved utarbeiding av endeleg tilsynsrapport.

Under følger ei utgreiing om metodisk tilnærming knytt til dei ulike problemstillingane.

Problemstilling 1: Planlegg byggherren stikkprøvekontrollar i samvar med krav?

1.1 Vert omfanget av stikkprøvekontrollar og kontrollruter lagt inn i ELRAPP?

Problemstillinga er undersøkt ved gjennomgang i ELRAPP for å sjå om plantala for tal dagsverk og tal stikkprøvekontrollar er lagt inn. Dette vart undersøkt for 2013, 2014 og 2015 for alle dei åtte driftskontraktane.

Det er vidare undersøkt ved gjennomgang i ELRAPP om kontrollruter er lagt inn for 2015. Dette vart gjort for alle åtte driftskontraktane.

Undersøkingane vart gjort 6. oktober 2015.

Gjennom intervju vart det undersøkt om plantala var lagt inn før starten av

året.

1.2 Vert omfanget av stikkprøvekontrollar tilpassa den enkelte kontrakt?

Vegtilsynet bad om å få tilsendt dokumentasjon som syner grunnlaget for plantala som er lagt inn i ELRAPP for 2013, 2014 og 2015 for dei åtte driftskontraktane.

Vegtilsynet samanlikna grunnlaget for plantal med plantala som er lagt inn i ELRAPP for 2013, 2014 og 2015 for å sjå om det er samsvar for tal stikkprøvekontrollar.

Vidare undersøkte Vegtilsynet om eit utval av prosessane som er omfatta av driftskontraktane er inkludert i tilsendt grunnlag for plantal for 2015. Undersøkinga vart gjort for dei prosessane det er krav om at skal kontrollerast éin eller fleire gonger i løpet av eit år. Vidare vart det undersøkt om det var planlagt stikkprøvekontroll på Ev 39 i 2015 for dei aktuelle prosessane.

1.3 Vert planlagde stikkprøvekontrollar lagt inn i ELRAPP for dei komande vekene?

Vegtilsynet har undersøkt problemstillinga ved å sjå om stikkprøvekontrollar som er planlagt i grunnlaget er lagt inn i ELRAPP. Undersøkinga skulle dekke «dei komande vekene», jf. kap. 4 «Tilsynskriterium», og Vegtilsynet undersøkte difor tre veker fram tid.

Undersøkinga vart gjort tre gonger, sjå tabell under. Dette vart gjort for alle åtte driftskontraktane.

Tidspunkt for undersøking	Undersøkningsperiode
Veke 46 (09.11.15 kl. 09.45)	Veke 46, 47 og 48
Veke 47 (16.11. 25 kl. 12.00)	Veke 47, 48 og 49
Veke 48 (23.11.15 kl. 09.00)	Veke 48, 49 og 50

I tillegg er det gjennom intervju undersøkt når planlagde stikkprøvekontrollar vert lagt inn i ELRAPP.

Problemstilling 2: Gjennomfører byggherren stikkprøvekontrollar i samsvar med plan?

Vegtilsynet samanlikna plantal og tal stikkprøvekontrollar planlagt i vekeplanane i ELRAPP, med tal gjennomførte stikkprøvekontrollar for riksveg og gang-/sykkelveg på riksveg. Undersøkinga vart gjort for perioden juni, juli, august og september 2015 for dei åtte driftskontraktane.

Problemstilling 3: Behandlar byggherren kontrollresultat etter stikkprøvekontrollar i samsvar med krav?

3.1 Vert det planlagt og gjennomført oppfølgingskontroll?

Problemstillinga er undersøkt ved å gå gjennom meldings- og aktivitetsloggen i ELRAPP for eit utval avvik for å sjå om oppfølgingskontroll er planlagt og gjennomført etter entreprenøren sin frist for å utbetra avvika er utgått. Dette vart gjort for alle arkiverte avvik registrert på Ev 39 i perioden juni, juli, august og september 2015. Undersøkinga er gjort for fire av driftskontraktane.

I tillegg er gjennom intervju undersøkt korleis oppfølgingskontroll vert planlagt og gjennomført.

3.2 Vert manglar utan trekk behandla i byggemøte?

Vegtilsynet bad om å få tilsendt dokumentasjon på korleis eit utval manglar utan trekk er behandla i byggemøte. Vegtilsynet tok utgangspunkt i dei fem sist arkiverte manglane per 7. oktober 2015 på riksveg. Sjå tabell under. For driftskontrakt 1207 Stord var det berre arkivert tre manglar på riksveg.

1106 Haugesund	1207 Stord	1405 Indre Sunnfjord	1403 Nordfjord
Løpenr. 227	Løpenr. 379	Løpenr. 1441	Løpenr. 195
Løpenr. 188	Løpenr. 227	Løpenr. 1471	Løpenr. 196
Løpenr. 199	Løpenr. 259	Løpenr. 1475	Løpenr. 198
Løpenr. 198		Løpenr. 1527	Løpenr. 200
Løpenr. 187		Løpenr. 1534	Løpenr. 201

Tilsendt dokumentasjon vart gjennomgått for å undersøke om manglane var behandla i byggemøte.

Det vart i tillegg gjennomført intervju for å undersøke om alle manglar vert behandla i byggemøte.

4. Tilsynskriterium

Tilsynskriteria i saka baserar seg på og er utleda frå følgjande kravdokument:

- NA rundskriv 2011/16 *Krav til kontroll av driftskontrakter*
- VD-rapport nr. 35 *System for oppfølging av driftskontrakter – SOPP Versjon 5* med vedlegg (heretter kalla SOPP)

Relevante utdrag frå kravdokumentet går fram av vedlegg 1.

Tilsynskriteria for kvar problemstilling er presentert under.

Problemstilling 1: Planlegg byggherren stikkprøvekontrollar i samsvar med krav?⁷

Det skal lagast ein plan for kor mykje tid som skal brukast til stikkprøvekontroll og kor mange stikkprøvekontrollar som skal gjennomførast (plantal). Planen skal dekke kvar månad i året og vere fordelt på vegtype. Denne planen er grunnlaget for plantala som skal leggest inn i ELRAPP. Plantala for tal dagsverk og tal stikkprøvekontrollar skal leggest inn i ein tabell i ELRAPP før starten av året.

Plantala må tilpassast den enkelte driftskontrakt, basert på mellom anna anbefalt frekvens. Vedlegg 1 «Stikkprøvekontrollfrekvens» til SOPP inneheld ein tabell med anbefalt frekvens for stikkprøvekontroll per prosess etter trafikkmengd. Stikkprøvekontrollomfanget for prosessane er delt i tre nivå; fleire gonger per år, éin gong per år eller éin gong annakvart år på alle aktuelle vegar. Tabellen er tatt inn i vedlegg 1 «Relevante utdrag frå kravdokumenta» på side 39.

Plantala skal ikkje endrast i løpet av året.

Det er vanlegvis hensiktsmessig å dele inn heile eller delar av kontraktsvegnettet i faste kontrollruter for stikkprøvekontrollar for å forenkla planlegginga. Kontrollrutene kan leggest inn i ELRAPP.

⁷ Jf. SOPP kapittel 2.2 «Byggherrens kontrollplan», 2.4 «Anbefalt frekvens for stikkprøvekontroller», 2.5 «Planlegging av stikkprøvekontroller» i ELRAPP og Vedlegg 1 «Stikkprøvekontrollfrekvens»

I løpet av året skal dei planlagde stikkprøvekontrollane for dei komande vekene leggest inn i ELRAPP.

Problemstilling 2: Gjennomfører byggherren stikkprøvekontrollar i samsvar med plan?⁸

Stikkprøvekontrollane skal gjennomførast i samsvar med planen som er laga for aktuell månad. Stikkprøvekontrollverksemda kan likevel avvike frå det planlagde i løpet av året grunna til dømes:

- Tilgjengelege ressursar til kontrollarbeid vert endra.
- Resultat frå gjennomførte kontrollar gir behov for å auka eller redusera omfanget av stikkprøvekontrollar.

Problemstilling 3: Behandlar byggherren kontrollresultat etter stikkprøvekontrollar i samsvar med krav?⁹

Oppfølgingskontroll skal gjennomførast når tiltakstida¹⁰ er gått ut. I ELRAPP er det mogleg å planlegge og dokumentere gjennomføring av oppfølgingskontroll. Kontrollane vert dokumentert ved at ELRAPP-kontroll vert brukt.

Dersom byggherren har konkludert med at eit avvik representerer ein kontraktsmessig mangel, skal dette behandlast i byggemøte.

⁸ Jf. SOPP kap. 2.2 «Byggherrens kontrollplan»

⁹ Jf. SOPP kap. 2.8 «Bruk av ELRAPP-kontroll til kontroll av driftskontrakter», 2.12 «Dokumentasjon av kontrollvirksomheten» og Vedlegg 6 «Instruks for håndtering av mangler og sanksjoner» kap. 4.1 «Innledning»

¹⁰ Definisjon i Håndbok R610 *Standard for drift og vedlikehold av riksveger*: Tiltakstid er tiden fra avvik fra krav oppstår til avvik er utbedret. Tidspunkt hvor avvik fra krav oppstår vil i praksis bety tidspunkt hvor kunnskap om avviket foreligger eller burde foreligget.

5. Innhenta data

PROBLEMSTILLING 1

Planlegg byggherren stikkprøvekontrollar i samvar med krav?

1.1 Vert omfanget av stikkprøvekontrollar og kontrollruter lagt inn i ELRAPP
Gjennomgangen viste at plantala for tal dagsverk og tal stikkprøvekontrollar er lagt inn i ELRAPP for sju av driftskontraktane. Tal stikkprøvekontrollar er fordelt på vegtype og månad, for heile året.

For driftskontrakt 1202 Stor-Bergen var det på undersøkjingsdatoen, 6. oktober 2015, ikkje lagt inn plantal som viser tal dagsverk og tal stikkprøvekontrollar for månadene september, oktober, november og desember 2015 på gjeldande driftskontrakt.

Tabellen under viser resultatata frå gjennomgangen i ELRAPP.

Driftskontrakt	2013		2014		2015	
	Tal kontrollar	Dagsverk	Tal kontrollar	Dagsverk	Tal kontrollar	Dagsverk
1101 Dalane	968	29	968	29	852	28
1103 Stavanger	883	97	883	41	883	41
1106 Haugesund	*	23*	1173	69	1699	52
1202 Stor-Bergen	556	89	617	84	244**	36**
1203 Nordhordland	*	*	1007	31	2191	75
1207 Stord	*	*	1873	88	1450	88
1403 Nordfjord	1503	88	848	60	684	55
1405 Indre Sunnfjord	1503	88	850	60	850**	60**

Tabell 1: Plantal lagt inn i ELRAPP

* Gjeldande driftskontrakt hadde oppstart 1. september 2013. Plantal for september til desember 2013 er ikkje lagt inn, med unntak av driftskontrakt 1106 Haugesund der det er lagt inn plantal for tal dagsverk. Ved gjennomgang i ELRAPP finn ikkje Vegtilsynet data for perioden januar til august 2013 for tidlegare driftskontrakt.

** Vegtilsynet har summert plantala som er lagt inn på tidlegare og gjeldande driftskontrakt. For driftskontrakt 1202 Stor-Bergen låg ikkje plantala for gjeldande driftskontrakt inne på undersøkjingsdatoen, men desse vart registrert seinare, med unntak for september.

Gjennomgangen viste at kontrollruter er lagt inn i ELRAPP for sju av driftskontraktane for 2015. For driftskontrakt 1202 *Stor-Bergen* var det på undersøkingsdatoen lagt inn kontrollruter for tidlegare driftskontrakt, men ikkje for gjeldande driftskontrakt.

Merknad: I e-post sendt 22. oktober 2015 la tilsynspart fram dokumentasjon som viser at kontrollruter er registrert på gjeldande kontrakt, og at plantal som viser tal dagsverk og tal stikkprøvekontrollar har blitt lagt inn for oktober, november og desember 2015 for driftskontrakt 1202 Stor-Bergen.

I intervju vart det opplyst at for tre av driftskontraktane var plantal lagt inn i ELRAPP før starten av året. For driftskontrakt 1106 *Haugesund* vart det opplyst at plantala har blitt lagt inn trinnvis i løpet av 2015.

1.2 Vert omfanget av stikkprøvekontrollar tilpassa den enkelte kontrakt?

Vegtilsynet fekk tilsendt dokumentasjon som viser grunnlaget for plantala som er lagt inn i ELRAPP for åra 2013, 2014 og 2015 for to av åtte driftskontraktar, 1203 *Nordhordland* og 1207 *Stord*. For dei resterande seks driftskontraktane mottok ikkje Vegtilsynet dokumentasjon eller fekk tilsendt dokumentasjon som ikkje inneheldt tilstrekkeleg data. Dette går fram av tabellen på neste side.

Det var ikkje samsvar mellom grunnlaget for plantala og plantala for tal stikkprøvekontrollar i ELRAPP for nokon av driftskontraktane.

Driftskontrakt	2013		2014		2015	
	Grunnlaget	ELRAPP	Grunnlaget	ELRAPP	Grunnlaget	ELRAPP
1101 Dalane	934	968	Ikkje motatt	968	Ikkje motatt	852
1103 Stavanger	Motatt***	883	Motatt***	883	Motatt***	883
1106 Haugesund	Ikkje motatt	*	Ikkje motatt	1173	2097	1699
1202 Stor-Bergen	Ikkje motatt	556	Ikkje motatt	617	Ikkje motatt	244**
1203 Nordhordland	265	*	2217	1007	1906	2191
1207 Stord	Motatt****	*	1650	1873	1264	1450
1403 Nordfjord	Ikkje motatt	1503	Ikkje motatt	848	Motatt***	684
1405 Indre Sunnfjord	Ikkje motatt	1503	Ikkje motatt	850	Motatt***	850**

Tabell 2: Samanlikning av plantala som går fram av grunnlaget for plantal og plantala som er lagt inn i ELRAPP for 2013, 2014 og 2015.

* Gjeldande driftskontrakt hadde oppstart 1. september 2013. Plantal for september til desember 2013 er ikkje lagt inn, med unntak av driftskontrakt 1106 Haugesund som har lagt inn plantal for tal dagsverk. Ved gjennomgang i ELRAPP finn ikkje Vegtilsynet data for perioden januar til august 2013 for tidlegare driftskontrakt.

** Vegtilsynet har lagt saman plantala som er lagt inn på tidlegare og gjeldande driftskontrakt. For driftskontrakt 1202 Stor-Bergen låg ikkje plantala for gjeldande driftskontrakt inne på undersøkingsdatoen, men desse vart registrert seinare med unntak for september.

*** Vegtilsynet har fått tilsendt dokumentasjon, men plantala går ikkje fram av grunnlaget. Sjå merknadar til tabellen under.

**** Vegtilsynet har fått tilsendt grunnlag for plantal for 2013, men grunnlaget for 2013 kan ikkje brukast i denne samanheng fordi den omfattar to driftskontraktar. Sjå meir under merknaden til tabellen.

Merknader til tabellen

1101 Dalane

Vegtilsynet mottok eit Excel-dokument kalla «1101-Planlagte-kontroller-020113» med éi arkfane kalla «Kontrollplan». I oversendinga vart det opplyst at dokumentet vart brukt ved planlegging av stikkprøvekontrollar i 2013 og at dokumentet er meint som ei forklaring på korleis plantala vert utarbeidd. Dokumentet inneheld plantal for 2013.

1103 Stavanger

Vegtilsynet mottok fire dokument. Eitt word-dokument med kontrollruter og tre excel-dokument med kontrollplan for oppfølging 2012-2013, 2013-2014 og 2014-2015. Tilsendt dokumentasjon dekkar ikkje eit kalenderår, men startar for veke 17 i aktuelt år. Vegtilsynet fekk tilsendt grunnlag for plantal til og med veke 15 i 2015. Plantala for 2013, 2014 og 2015 går ikkje fram av tilsendt dokumentasjon.

1106 Haugesund

Ved innsending av dokumentasjon mottok ikkje Vegtilsynet dokumentasjon på at det var utarbeidd grunnlag for plantala som ligg i ELRAPP for 2013, 2014 og 2015. Vegtilsynet fekk etter intervju tilsendt grunnlag for plantal for 2015. Det går fram av dokumentet kor mange kontrollar som skal gjennomførast per månad, og Vegtilsynet kunne summere desse og finne plantal for 2015.

1202 Stor-Bergen

Ved innsending av dokumentasjon mottok ikkje Vegtilsynet dokumentasjon på at det var utarbeidd grunnlag for plantala som ligg i ELRAPP for 2013, 2014 og 2015.

1203 Nordhordland

Ved innsending av dokumentasjon mottok Vegtilsynet dokumentasjon på at det var utarbeidd grunnlag for plantala som ligg i ELRAPP for 2013, 2014 og 2015.

1207 Stord

Vegtilsynet fekk tilsendt grunnlag for plantal for 2013, 2014 og 2015. Grunnlaget for 2013 inneheld plantal for 2013, men desse kan ikkje brukast i denne samanheng fordi den omfattar to driftskontraktar. Plantala i tilsendt grunnlag for perioden 1. januar 2013 til 31. august 2013 gjeld driftskontrakt *1205 Midthordland*, medan plantala frå 1. september 2013 gjeld for driftskontrakt *1207 Stord*.

1403 Nordfjord

Ved innsending av dokumentasjon mottok ikkje Vegtilsynet dokumentasjon på at det var utarbeidd grunnlag for plantala som ligg i ELRAPP for 2013, 2014 og 2015. Vegtilsynet fekk tilsendt grunnlag for plantal for 2015 etter intervju, men det vart opplyst under intervju at dokumentet ikkje var ferdigstilt. Plantala for 2015 går ikkje fram av dokumentet.

1405 Indre Sunnfjord

Ved innsending av dokumentasjon mottok ikkje Vegtilsynet dokumentasjon på at det var utarbeidd grunnlag for plantala som ligg i ELRAPP for 2013, 2014 og 2015. Vegtilsynet fekk tilsendt grunnlag for plantal for 2015 etter intervju, men det vart opplyst under intervju at dokumentet ikkje var ferdigstilt. Plantala for 2015 går ikkje fram av dokumentet.

Gjennomgangen over viser at Vegtilsynet har mottatt grunnlag for plantala for 2015 for driftskontraktane 1106 Haugesund, 1203 Nordhordland og 1207 Stord. Den vidare undersøkinga om innhaldet i grunnlaget for plantal kunne difor berre gjerast for desse tre driftskontraktane.

Tabellen under viser resultatet av gjennomgangen.

Prosess	1106 Haugesund		1203 Nordhordland		1207 Stord	
	I grunnlaget	Planlagt kontroll på Ev 39	I grunnlaget	Planlagt kontroll på Ev 39	I grunnlaget	Planlagt kontroll på Ev 39
62.1	Nei	Nei	Ja	Ja	Ja	Ja
68.3	Ja	Ja	Ja	Ja	Nei	Nei*
71.8	Nei	Nei	Ja	Ja	Ja	Ja
76.8	Nei	Nei	Nei	Nei	Ja	Nei
77.82	Ja	Ja	Ja	Ja	Nei	Nei
77.85	Nei	Nei	Nei	Nei*	Nei	Nei*
77.86	Nei	Nei*	Ja	Ja	Nei	Nei
78.2	Nei	Nei	Ja	Ja	Ja	Ja
79.22	Nei	Nei	Ja	Ja	Ja	Ja
79.24	Ja	Ja	Ja	Ja	Ja	Ja
79.25	Nei	Nei*	Nei	Nei*	Ja	Nei*
79.3	Nei	Nei	Ja	Ja	Ja	Ja
95	Nei	Nei	Ja	Ja	Ja	Ja

Tabell 3: Oversikt over prosessar som er omfatta av driftskontraktane, om desse er inkludert i tilsendt grunnlag for plantal for 2015 og om det er planlagt stikkprøvekontroll på Ev 39 i 2015 for dei aktuelle prosessane.

* Prosessen er ikkje aktuell å kontrollere på Ev 39.

1106 Haugesund

Følgande prosessar på Ev 39 er ikkje planlagt kontrollert årleg, slik som Vedlegg 1 i SOPP anbefalar: 62.1 Faste dekker, 71.8 Murer, 76.8 Signalanlegg, trafikkstyrings- og overvåkingssystemer, 77.85 Vegbanereflektorer, 78.2 Skilt, 79.22 Bygninger og utstyr på rasteplasser, kontrollplasser m.v, 79.3 Renhold, 95 Vinterprosesser.

1203 Nordhordland

Følgande prosessar på Ev 39 er ikkje planlagt kontrollert årleg, slik som Vedlegg 1 i SOPP anbefalar: 76.8 Signalanlegg, trafikkstyrings- og overvåkingssystemer.

1207 Stord

Følgande prosessar på Ev 39 er ikkje planlagt kontrollert årleg, slik som Vedlegg 1 i SOPP anbefalar: 76.8 Signalanlegg, trafikkstyrings- og overvåkingssystemer, 77.82 Kantstolper og tunnelmarkeringer, 77.86 Brøytstikk.

1.3 Vert planlagde stikkprøvekontrollar lagt inn i ELRAPP for dei komande vekene?

Gjennomgangen under problemstilling 1.2 viser at Vegtilsynet har mottatt grunnlag for plantala for 2015 for driftskontraktane *1106 Haugesund*, *1203 Nordhordland* og *1207 Stord*. Den vidare undersøkinga kunne berre gjerast for desse tre driftskontraktane.

For desse tre driftskontraktane var det ifølge grunnlaget for plantal planlagt stikkprøvekontrollar i vekene 46-50. Resultatet frå gjennomgangen i ELRAPP går fram av tabellen.

Driftskontrakt	1106 Haugesund			1203 Nord-hordland			1207 Stord		
	46	47	48	46	47	48	46	47	48
Tidspunkt									
Veke 46				x			x		
Veke 47				x	x		x	x	
Veke 48				x	x	x	x	x	x
Veke 49					x	x			
Veke 50						x			

Tabell 4: Gjennomgang av vekeplanar i ELRAPP.

Det vart gjennomført intervju for driftskontraktane 1106 Haugesund, 1207 Stord, 1403 Nordfjord og 1405 Indre Sunnfjord.

Under intervju vart det for driftskontrakt 1106 Haugesund opplyst av byggeleiar at det normalt vert lagt inn planar for eit par veker om gongen, og at desse vert endra undervegs dersom det skjer ting som gjer det nødvendig.

For driftskontrakt 1207 Stord opplyste byggeleiar at dei normalt planlegg veke for veke og brukar grunnlaget for plantal ved utarbeiding av vekeplanar. I grunnlaget for plantal framgår kva stikkprøvekontrollar som skal gjennomførast og når, og at det difor normalt ikkje er nødvendig å legge inn for fleire veker fram i tid. Det vart òg opplyst at dei tilpassar planlegginga utifrå kvalitet i leveransen og tid på året.

For driftskontraktane 1403 Nordfjord og 1405 Indre Sunnfjord opplyste begge byggeleiarane at kontrollingeniøren var den rette til å svara på dette spørsmålet. Kontrollingeniøren for begge desse driftskontraktane opplyste at han i hovudsak gjer dette for éi veke om gongen, fordi det er lett å gjere feil i ELRAPP.

PROBLEMSTILLING 2:

Gjennomfører byggherren stikkprøvekontrollar i samsvar med plan?

Tabellen under viser resultatata frå gjennomgangen i ELRAPP.

	Plantal i ELRAPP	Tal planlagde kontrollar i vekeplan	Tal gjennomførte kontrollar	Andel gjennomførte kontrollar
1101 Dalane	32	28	28	88 %
1103 Stavanger	124	46	46	37 %
1106 Haugesund	102	20	20	20 %
1202 Stor-Bergen	21	6	6	29 %
1203 Nordhordland	70	70	76	108 %
1207 Stord	34	44	44	129 %
1403 Nordfjord	123	93	93	76 %
1405 Indre Sunnfjord	83	174	164	197 %

Tabell 5: Tabellen viser plantala i ELRAPP, tal stikkprøvekontrollar planlagt i vekeplanane i ELRAPP og tal gjennomførte stikkprøvekontrollar for riksveg og gang-/sykkelveg på riksveg perioden for juni, juli, august og september 2015.

Siste kolonne viser andel gjennomførte stikkprøvekontrollar i forhold til plantala i ELRAPP

Det er samsvar mellom plantal i ELRAPP og tal planlagde stikkeprøvekontrollar i vekeplanar for éin av driftskontraktane. For fem av driftskontraktane er plantal i ELRAPP høgare enn tal planlagde stikkprøvekontrollar i vekeplan og for to av driftskontraktane er plantal i ELRAPP lågare.

Det er samsvar mellom tal planlagde stikkprøvekontrollar i vekeplanar og tal gjennomførte stikkprøvekontrollar for seks av åtte driftskontraktar. For éin av driftskontraktane er det gjennomført fleire stikkprøvekontrollar enn tal planlagde stikkprøvekontrollar i vekeplanar, for éin av driftskontraktane er det gjennomført færre.

Andelen gjennomførte stikkprøvekontrollar i høve plantal i ELRAPP varierer frå 20 % til 197 %.

PROBLEMSTILLING 3

Behandlar byggherren kontrollresultat etter stikkprøvekontrollar i samsvar med krav?

3.1 Vert det planlagt og gjennomført oppfølgingskontroll?

Gjennomgangen viste at det for dei utvalde avvika ikkje er dokumentert i meldings- og aktivitetsloggen i ELRAPP at det er planlagt og gjennomført oppfølgingskontroll. Sjå tabell under.

Driftskontrakt	Tal avvik	Tal planlagt oppfølgingskontroll	Tal gjennomført oppfølgingskontroll
1106 Haugesund	1	0	0
1207 Stord	18	0	0
1403 Nordfjord	17	0	0
1405 Indre Sunnfjord	13	0	0

Tabell 6: Oversikt over tal arkiverte avvik registrert på Ev 39 i perioden juni, juli, august og september 2015, tal planlagde oppfølgingskontrollar og tal gjennomførte oppfølgingskontrollar ved gjennomgang av meldings- og aktivitetsloggen i ELRAPP.

I intervju vart det for driftskontrakt 1106 Haugesund opplyst frå kontrollingeniør at planlegging av oppfølgingskontrollar i ELRAPP var noko byggeleiar måtte

gjere. Det vart vidare opplyst at det i varierende grad vert gjennomført oppfølgingskontroll. I dei tilfella det vert gjennomført oppfølgingskontroll reiser kontrollingeniør ut og tek bilete etter at tiltakstida er ute for å kunne dokumentere om avviket er lukka. Alternativt kan det kome melding i ELRAPP frå entreprenør om at avvik er utbetra, og dokumentasjonen vert lagt ved avviket i ELRAPP. Byggeleiar opplyste at det er kontrollingeniør som har ansvar for oppfølginga av avvik, og at han ikkje trudde at ELRAPP vert nytta til dette.

For driftskontrakt *1207 Stord* opplyste kontrollingeniørane at dei ikkje har vore konsekvente på å dokumentere oppfølgingskontrollar i ELRAPP. Det er likevel slik at dei ikkje arkiverer avvik før dei har fått tilbakemelding i ELRAPP frå entreprenør om at avvika er utbetra. Dersom kontrollingeniørane er i tvil om kva tiltak som er gjennomført, ber dei entreprenør om å beskrive tydelegare kva som faktisk er gjort for å sikre at avvik er lukka. Det vart vidare opplyst at kontrollingeniørane legg seg på minne kva avvik dette gjeld, og ser etter desse når dei er ute på kontrollar i ettertid utan at dei var heilt presise på tiltakstida. Byggeleiar opplyste at ein del av avvika vert sendt direkte til entreprenør, medan det for mindre avvik i nokon grad vert planlagt oppfølgingskontroll. Han opplyste òg at han opplever SOPP som ukklar når det gjeld krav til planlegging og gjennomføring av oppfølgingskontrollar.

Kontrollingeniør for driftskontraktane *1403 Nordfjord* og *1405 Indre Sunnfjord* opplyste at han ikkje har tilstrekkeleg kapasitet til å gjennomføre oppfølgingskontrollar, og at han hadde bedt byggeleiarane om å slutte med å planlegge oppfølgingskontrollar i ELRAPP. Han forklarte at lukking av avvik i hovudsak skjer basert på tilbakemelding frå entreprenør, men dersom det vert utført oppfølgingskontroll så skjer dette ved synfaring eller på neste kontrollrunde.

Byggeleiar for driftskontrakt *1403 Nordfjord* opplyste at det ikkje er tilstrekkeleg kapasitet til å gjennomføre oppfølgingskontroll, og at avvika i staden vert meldt til entreprenør i ELRAPP.

Byggeleiar for driftskontrakt *1405 Indre Sunnfjord* opplyste at oppfølgingskontrollar vert planlagt, og at avvika vert lagt fram i byggemøta. Han opplyste vidare at han i byggemøta informerer entreprenør om det er planlagt oppfølgingskontroll, og at nokre av avvika vert lukka direkte i byggemøte på bakgrunn av tilbakemelding frå entreprenør.

3.2 Vert manglar utan trekk behandla i byggemøte?

For driftskontrakt *1106 Haugesund* er det ikkje tilsendt dokumentasjon for fire av dei fem utvalde manglane som viser at desse er behandla i byggemøte.

I intervju opplyste både kontrollingeniør og byggeleiar for driftskontrakt *1106 Haugesund* at manglar vert behandla i byggemøte, men ikkje alle. Kontrollingeniøren fortalte at det er gjort feil ved arkivering av manglar i ELRAPP. Byggeleiar opplyste at ein har prøvd med dialog med entreprenør, men at dette må gjerast meir formelt og dokumenterast betre for framtida. Han opplyste òg at manglar skal vere tema på samarbeidsmøte med entreprenør i januar 2016.

For driftskontrakt *1207 Stord* viser gjennomgang av tilsendt dokumentasjon at to av dei tre utvalde manglane er behandla i byggemøter. For den tredje mangelen er det opplyst i e-post at den ved ein feil ikkje er behandla i byggemøte, men via kommunikasjon med entreprenør i ELRAPP.

Både kontrollingeniørane og byggeleiar for driftskontrakt *1207 Stord* stadfesta i intervju at alle manglar vert behandla i byggemøte.

For driftskontraktane *1403 Nordfjord* og *1405 Indre Sunnfjord* framgår det av tilsendt dokumentasjon at dei utvalde manglane er behandla i byggemøte.

Kontrollingeniør for driftskontraktane *1403 Nordfjord* og *1405 Indre Sunnfjord* opplyste at han ikkje deltek på byggemøte. Byggeleiarane for driftskontrakt *1403 Nordfjord* og *1405 Indre Sunnfjord* opplyste at alle manglar vert behandla i byggemøte.

6. Funn

Funn 1 – observasjon

Innhenta data tyder på at Statens vegvesen, Region vest ikkje i tilstrekkeleg grad sikrar seg at plantal vert lagt inn i ELRAPP det året driftskontrakten startar opp.

Grunngjeving

Vegtilsynet viser til tabellen under problemstilling 1.1. Den viser at plantal i stor grad vert lagt inn i ELRAPP. Samtidig viser tabellen at i dei tilfella der plantal ikkje er lagt inn, er dette for det året ny driftskontrakt starta å gjelde, det vil sei at plantal manglar for september til desember aktuelt år. Dette gjeld driftskontraktane *1106 Haugesund, 1202 Stor-Bergen, 1203 Nordhordland og 1207 Stord.*

Funn 2 – avvik

Omfanget av stikkprøvekontroll vert ikkje tilpassa den enkelte kontrakt.

Tilsynskriterium¹¹

Det skal lagast ein plan for kor mykje tid som skal brukast til stikkprøvekontroll og kor mange stikkprøvekontrollar som skal gjennomførast (plantal). Planen skal dekke kvar månad i året og vere fordelt på vegtype. Denne planen er grunnlaget for plantala som skal leggest inn i ELRAPP. Plantala for tal dagsverk og tal stikkprøvekontrollar skal leggest inn i ein tabell i ELRAPP før starten av året.

Plantala må tilpassast den enkelte kontrakt, mellom anna basert på anbefalt frekvens. Vedlegg 1 «Stikkprøvekontrollfrekvens» til SOPP inneheld ein tabell med anbefalt frekvens for stikkprøvekontroll per prosess etter trafikkmengd. Stikkprøvekontrollomfanget for prosessane er delt i tre nivå; fleire gonger per år, éin gong per år eller éin gong annakvart år på alle aktuelle vegar. Tabellen er tatt inn i vedlegg 1 «Relevante utdrag frå kravdokumenta» på side 39.

Tilsynsbevis

Vegtilsynet fekk tilsendt dokumentasjon som viser grunnlaget for plantala som er lagt inn i ELRAPP for åra 2013, 2014 og 2015, for to av åtte driftskontraktar, *1203 Nordhordland* og *1207 Stord*. For dei resterande seks driftskontraktane mottok ikkje Vegtilsynet dokumentasjon eller fekk tilsendt dokumentasjon som ikkje inneheldt tilstrekkeleg data. Det var ikkje samsvar mellom grunnlaget for plantala og plantala for tal stikkprøvekontrollar i ELRAPP for nokon av driftskontraktane. Sjå tabell 2 under problemstilling 1.2.

Undersøkinga som vart gjort for tre driftskontraktar viste at nokre av prosessane som er omfatta av driftskontraktane ikkje er inkludert i tilsendt grunnlag for plantal for 2015. Vidare viste undersøkinga at det ikkje er planlagt stikkprøvekontroll på Ev 39 i 2015 for dei aktuelle prosessane slik som Vedlegg 1 i SOPP anbefalar, dette gjeld:

¹¹ Jf. SOPP kapittel 2.2 «Byggherrens kontrollplan», 2.4 «Anbefalt frekvens for stikkprøvekontroller» og Vedlegg 1 «Stikkprøvekontrollfrekvens».

1106 Haugesund

62.1 Faste dekker, 71.8 Murer, 76.8 Signalanlegg, trafikkstyrings- og overvåkingssystemer, 77.85 Vegbanereflektorer, 78.2 Skilt, 79.22 Bygninger og utstyr på rasteplasser, kontrollplasser m.v, 79.3 Renhold, 95 Vinterprosesser.

1203 Nordhordland

76.8 Signalanlegg, trafikkstyrings- og overvåkingssystemer.

1207 Stord

76.8 Signalanlegg, trafikkstyrings- og overvåkingssystemer, 77.82 Kantstolper og tunnelmarkeringer, 77.86 Brøytestikk.

Dette viser at det i liten grad vert utarbeidd grunnlag for plantala som vert lagt inn i ELRAPP. Der det er utarbeidd slikt grunnlag er ikkje dette i samsvar med plantalet som er lagt inn i ELRAPP. Vidare omfattar ikkje grunnlaget for plantala alle prosessar som skal kontrollerast i henhold til kontrakt og frekvensen er ikkje i samsvar med anbefalinga gitt i SOPP.

Funn 3 – observasjon

Innhenta data tyder på at stikkprøvekontrollar ikkje vert planlagt for dei komande vekene.

Grunngeving

Ifølge SOPP skal dei planlagde stikkprøvekontrollane for dei komande vekene leggst inn i ELRAPP i løpet av året. Dette er ei noko uklar formulering, men den må tolkast slik at stikkprøvekontrollane skal planleggast for ein viss periode fram i tid, og ikkje frå veke til veke.

Gjennomgangen i ELRAPP for tre driftskontraktar viste at driftskontrakt *1106 Haugesund* ikkje legg inn stikkprøvekontrollar i ELRAPP for dei komande vekene. Intervjua viste at praksisen varierer frå kontrakt til kontrakt. For nokre driftskontraktar vert stikkprøvekontrollane lagt inn nokre veker om gongen, medan andre gjer dette veke for veke.

Funn 4 – observasjon

Innhenta data tyder på at det i liten grad vert gjennomført stikkprøvekontrollar i samsvar med planen for kor mange stikkprøvekontrollar som skal gjennomførast.

Grunngeving

Stikkprøvekontrollane skal i utgangspunktet gjennomførast i samsvar med den planen som er laga for aktuell månad. Stikkprøvekontrollverksemda kan likevel avvike frå det planlagde i løpet av året.

Vegtilsynet viser til tabell 5 under problemstilling 2 som viser at det i liten grad er samsvar mellom plantala i ELRAPP og tal gjennomførte stikkprøvekontrollar for riksveg og gang-/sykkelveg på riksveg perioden for juni, juli, august og september 2015. Andelen gjennomførte stikkprøvekontrollar varierer frå 20 % til 197 % i høve til plantala.

Funn 5 – avvik

Oppfølgingskontrollar vert ikkje gjennomført i samsvar med krav.

Tilsynskriterium¹²

Oppfølgingskontroll skal gjennomførast når tiltakstida¹³ er gått ut.

Bevis

Gjennomgangen i ELRAPP viste at det for dei utvalde avvika ikkje er dokumentert i meldings- og aktivitetsloggen i ELRAPP at det er planlagt og gjennomført oppfølgingskontroll. Sjå tabell under problemstilling 3.1.

I intervju for fire utvalde driftskontraktar kom det fram at ELRAPP i liten grad vert nytta for planlegging av oppfølgingskontrollar.

Vidare kom det fram at det for to av dei fire driftskontraktane i liten grad vert gjennomført oppfølgingskontrollar grunna manglande kapasitet. For dei resterande to vart det forklart at oppfølgingskontrollar i varierende grad vert gjennomført.

¹² Jf. SOPP kap. 2.8 «Bruk av ELRAPP-kontroll til kontroll av driftskontrakter», 2.12 «Dokumentasjon av kontrollvirksomheten»

¹³ Definisjon i Håndbok R610 *Standard for drift og vedlikehold av riksveger*: «Tiltakstid er tiden fra avvik fra krav oppstår til avvik er utbedret. Tidspunkt hvor avvik fra krav oppstår vil i praksis bety tidspunkt hvor kunnskap om avviket foreligger eller burde foreligget.»

7. Vurderingar

I SOPP kapittel 1 «Mål og prinsipper» står følgande:

Byggherren skal gjennomføre kontroller for å:

- følge opp alle kontrakter.
- sikre at entreprenøren har gode systemer for planlegging, gjennomføring og oppfølging av kontrakten.
- sikre at byggherren får det han har bestilt og betaler for.
- danne grunnlag for rapportering.

Av NA-rundskriv 2011/16 *Krav til kontroll av driftskontrakter* går det fram at hovudhensikta med gjeldande versjon av SOPP med vedlegg, er å «klargjøre hvordan planlegging og gjennomføring skal skje for å få mest mulig enhetlig bruk, herunder klarere og strengere regler for å behandle avvik». Vidare vert det presisert at det er «viktig at alle følger beskrivelsene i SOPP versjon 5. Da vil statistikk fra kontroller og tertialrapporter gi et så riktig bilde av kontrollvirksomheten og kontrollresultat som mulig.»

Tilsynet har vist at den årlege planlegginga av stikkprøvekontrollverksemda i Statens vegvesen, Region vest ikkje er i samsvar med krav. Vidare er det påvist svakheiter ved bruken av ELRAPP og planlegging av stikkprøvekontrollar i veikplanar i ELRAPP. Funna inneber etter Vegtilsynet sitt syn at det for dei undersøkte driftskontraktane er ulik praksis ved planlegging av stikkprøvekontrollar, noko som er i strid med formålet med SOPP. I tillegg kan dette gje eit feil bilete av kontrollverksemda ved rapportering, og tertial- og årsrapporteringa kan gje feil styringsinformasjon til regionen, Vegdirektoratet og andre. Det er heller ikkje dokumentert at dei plantala som er lagt inn i ELRAPP er i samsvar med krava og føringane i SOPP. Dette betyr etter Vegtilsynet si vurdering at det ikkje er mogeleg å uttale seg om den planlagde kontrollverksemda er tilstrekkeleg for å sikre at leveransen i driftskontraktane er i samsvar med bestillinga.

Tilsynet viste vidare at det i liten grad er samsvar mellom plantala i ELRAPP og tal gjennomførte stikkprøvekontrollar for riksveg og gang-/sykkelveg på riksveg i perioden juni til september 2015. Andelen gjennomførte stikkprøvekontrollar varierer frå 20 % til 197 % i høve til plantala, og for seks av driftskontraktane er

skilnaden frå plantalet større enn +/- 20 %. Stikkprøvekontrollverksemda kan avvike frå det planlagde i løpet av året, jf. SOPP kapittel 2.2 «Byggherrens kontrollplan». Grunnar til dette kan vere til dømes endring av tilgjengelege ressursar til kontrollarbeid, eller at resultat frå gjennomførte kontrollar gir behov for å auka eller redusere omfanget av stikkprøvekontrollar. Vegtilsynet si vurdering er likevel at skilnadane mellom tal planlagde og gjennomførte stikkprøvekontrollar er så store, at det er grunn til å stille spørsmål ved om dette skuldast mangelfull planlegging eller om det er eit resultat av naturlege tilpassingar av kontrollverksemda i løpet av året. Vegtilsynet vil i denne samanheng kommentere at undersøkinga gjeld tal stikkprøvekontrollar, og at det ikkje er undersøkt om tid brukt til kontrollverksemda samsvarar med plantal for dagsverk.

Når det gjeld oppfølging av gjennomførte stikkprøvekontrollar, har tilsynet vist at det ikkje vert gjennomført oppfølgingskontrollar i samsvar med krav. Dette vart forklart med blant anna at SOPP er uklar på dette punktet, manglande ressursar og at ein har andre metodar for oppfølging av avvik. Dette inneber at ein i liten grad har dokumentasjon i ELRAPP på at det er planlagt og gjennomført oppfølgingskontroll. Manglande gjennomføring av oppfølgingskontroll kan ha som konsekvens at avvik ikkje vert utbetra.

På denne bakgrunn er Vegtilsynet si vurdering at Statens vegvesen, Region vest ikkje i tilstrekkeleg grad følger opp driftskontraktane i samsvar med krav.

8. Tilrådingar

Det vert vist til funn og vurderingar i kapittel 6 og 7. Vegtilsynet kjem med følgjande tilrådingar:

Tilråding 2015-06 nr. 1

Tilsynet har vist at planlegginga av stikkprøvekontrollar ikkje er i samsvar med krav, sjå avviket beskrive i funn 2. Vidare er det påvist svakheiter ved bruken av ELRAPP og planlegging av stikkprøvekontrollar i vekeplanar i ELRAPP, sjå observasjonane gitt i funn 1 og 3.

Vegtilsynet tilrår at Statens vegvesen, Region vest gjennomfører tiltak for å sikre at stikkprøvekontrollverksemda vert planlagt i samsvar med krav og føringar gitt i SOPP.

Tilråding 2015-06 nr. 2

Tilsynet har vist at det i liten grad vart gjennomført stikkprøvekontrollar i samsvar med plan i undersøkingsperioden, sjå observasjonen gitt i funn 4. Vidare vurderer Vegtilsynet at skilnadane mellom tal planlagde og gjennomførte stikkprøvekontrollar er store.

Vegtilsynet tilrår at Statens vegvesen, Region vest undersøker årsakene til skilnadane i andel gjennomførte stikkprøvekontrollar i forhold til plan og på bakgrunn av dette vurderer om det er behov for å gjennomføre tiltak for å sikre at stikkprøvekontrollverksemda i større grad vert gjennomført i samsvar med plan.

Tilråding 2015-06 nr. 3

Tilsynet har vist at det ikkje vert gjennomført oppfølgingskontrollar i samsvar med krav og at Statens vegvesen, Region vest har eit forbettringspotensial når det gjeld dokumentasjon av oppfølgingskontrollar, sjå avviket beskrive i funn 5.

Vegtilsynet tilrår at Statens vegvesen, Region vest gjennomfører tiltak for å sikre at oppfølgingskontrollar vert gjennomført i samsvar med krav.

Oppfølging av tilrådingane

Statens vegvesen, Region vest skal innan ein fastsett frist kome med tilbakemelding på korleis tilrådingane vil verta handtert, saman med ein tidsplan for gjennomføring av eventuelle tiltak. På bakgrunn av denne tilbakemeldinga vil Vegtilsynet vurdere vidare oppfølging og lukking av tilrådingane.

Vedlegg 1: Relevante utdrag frå kravdokumenta

VD-rapport nr. 35 System for oppfølging av driftskontrakter – SOPP Versjon 5 med vedlegg

2.2 Byggherrens kontrollplan

I henhold til håndbok 151 kapittel 1.4.5 skal alle prosjekter ha en kontrollplan. Før årets begynnelse skal det lages en plan for hvor mye tid som skal brukes til stikkprøvekontroll og hvor mange stikkprøvekontroller som skal gjennomføres. Plantallene endres ikke i løpet av året. Plantallene danner grunnlag for tertial-rapportering i løpet av året.

Utgangspunkt for omfanget av stikkprøvekontrollvirksomhet er ca. 60 dagsverk pr. år for en gjennomsnittskontrakt. Ved planlegging av behov for stikkprøvekontroll i en kontrakt skal det tas hensyn til de lokale forhold. Forholdene i hver kontrakt varierer mye, veglengde, trafikkmengde, klimatiske forhold, topografi og prioriterte strekninger som har spesielle behov etc. Dette gjør at det må lages plantall tilpasset den enkelte kontrakt. Anbefalt frekvens for stikkprøvekontroller er omtalt i kapittel 2.4.

Lag plan for hver måned i året fordelt på vegtype basert på aktuell årstid og anbefalt frekvens. I perioden med vinterdrift skal stikkprøvekontrollfrekvensen økes. Kontrollene gjennomføres i henhold til planen som er laget for aktuell måned. Dersom gjennomføringen i en måned avviker fra planen, gjennomføres likevel neste måned i henhold til plan.

Etterhvert legges stikkprøvekontrollene for de neste ukene inn i ELRAPP. Stikkprøvekontrollvirksomheten kan i løpet av året avvike fra det planlagte av ulike årsaker, men plantallene endres ikke som nevnt ovenfor. Endring kan skyldes:

- at tilgjengelige ressurser til kontrollarbeid endrer seg
- at resultatet fra gjennomførte kontroller, gir behov for å øke eller redusere omfanget av stikkprøvekontrollvirksomheten i forhold til plantallene

Før årets begynnelse skal plantallene for antall dagsverk, og antall stikkprøvekontroller fordelt på vegtype legges inn i ELRAPP. Plantallene vil bli sammenlignet med tall for gjennomførte stikkprøvekontroller i tertialrapportene, se kapittel 3.

2.4 Anbefalt frekvens for stikkprøvekontroller

Hvor ofte det anbefales å ta stikkprøvekontroller framgår av vedlegg 1. Det må korrigeres for lokale forhold inkludert kritiske steder på vegnettet. Differensiering av frekvens skal foretas i henhold til ÅDT (årsdøgntrafikk). Tabellen i vedlegg 1 er et forslag som viser hvordan stikkprøvekontrollene kan fordele seg på prosess og veg i henhold til ÅDT:

Stikkprøvekontrollomfanget deles i tre nivåer:

- Høyt nivå betyr at prosessen kontrolleres flere ganger pr. år på alle aktuelle veger.
- Middels nivå betyr at prosessen kontrolleres en gang pr år på alle aktuelle veger,
- Lavt nivå betyr at prosessen kontrolleres annet hvert år på alle aktuelle veger.

Gang- og sykkelveg har normalt samme kontrollfrekvens som kjørevegen den ligger langs.

- Gang- og sykkelveg kontrolleres for seg eller der det ligger til rette, kan den kontrolleres samtidig med kjørevegen den ligger langs.
- Fortau kontrolleres sammen med den vegen det tilhører.

Frekvensen på stikkprøvekontrollene skal ta hensyn til hvordan entreprenøren oppfyller kontrakten, det vil si at for en entreprenør som gjør en god jobb, kan man redusere stikkprøvekontrollene. En entreprenør som gjør en dårligere jobb, krever mer kontroll. I et slikt tilfelle vil det være nødvendig å se nærmere på entreprenørens kvalitetssystem.

2.5 Planlegging av stikkprøvekontroller i ELRAPP

For å forenkle planleggingen, vil det normalt være hensiktsmessig å dele inn hele eller deler av kontraktsvegnettet i faste kontrollruter for stikkprøvekontroller.

[...]

2.8 Bruk av ELRAPP-kontroll til kontroll av driftskontrakter

[...]

4. Oppfølgingskontroll gjennomføres når tiltakstiden er ute.

2.12 Dokumentasjon av kontrollvirksomheten

Kontrollene blir dokumentert ved at ELRAPP-kontroll brukes. [...]

Vedlegg 1 Stikkprøvekontrollfrekvens

Statens vegvesen		System for oppfølging av driftskontrakter	
Stikkprøvekontrollfrekvens			
Forklaring: Tabellen anbefaler hvor ofte det gjennomføres stikkprøvekontroller			
H = Høyt nivå. Prosessen kontrolleres flere ganger pr. år på alle aktuelle vegger			
M = Middels nivå. Prosess kontrolleres en gang pr år på alle aktuelle vegger			
L = Lavt nivå. Prosess kontrolleres annet hvert år på alle aktuelle vegger			
Prosess		Veger med høy ÅDT	Andre vegger
	Arbeidsvarsling	Kontrolleres sammen med tilhørende arbeidsprosess	
37	Stabilitets-, vann- og frostsikring i tunnel, overbygg m.m	M	L
38	Tunnelutstyr, -renhold m.m.	H - M	L
48	Drens- og avløpsanlegg	H - M	L
61.8	Grusdekker	-	H - M
62.1	Faste dekker	H	M
68.3	Grusskuldre langs veg med fast dekke	M	M - L
71.8	Murer	L	L
72.8	Støyskjermer	L	L
73.4	Stabilitetssikring i dagen	M	L
74.8	Grøntarealer og skråninger	M	L
75.81	Kantstein	L	L
75.82	Rekkverk og støtputer	L	L
75.83	Gjerder	L	L
75.84	Snøskjermer	L	L
75.85	Bommer	M - L	L
76.8	Signalanlegg, trafikkstyrings- og overvåkingssystemer	M	M
77.81	Kilometerstolper	L	L
77.82	Kantstolper og tunnelmarkeringer	H - M	M
77.85	Vegbanereflektorer	H - M	M
77.86	Brøytstikk	M	M
78.2	Skilt	M	M
78.8	Avlesing av målere	L	L
79.22	Bygninger og utstyr på rasteplasser, kontrollplasser m.v	H	H - M
79.24	Leskur	H - M	M
79.25	Ferister	M	M - L
79.3	Renhold	H - M	M
88.8	Bruer og kaler	L	L
91	Brøyting	H	H
92	Rydding	H	H
93	Strøing	H	H
94	Snøskred og spesielle vinterarbeider	L	L

Vedlegg 6 Instruks for håndtering av mangler og sanksjoner

4. Håndtering av mangler og sanksjoner

4.1 Innledning

[...]

Når byggherren har konkludert om forholdet representerer en kontraktsmessig mangel, behandles dette i byggemøte.